

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 - 2026

Bøverdalen - Lom - Garmo

85. årgang



Informasjon frå kyrkjene i Lom

Kyrkjeblad for Lom

KYRKJENE I LOM

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd

Per Morten Mork, tlf. 909 40 635
morkpermorten@gmail.com

Sokneprest

Vakant

Kyrkjevevjerje

Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær

Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar

Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194*
jonas.fjeld@lom.kommune.no
Ole Kristian Gråv, tlf. 400 62 194*
ole.kristian.grav@lom.kommune.no
*Kontortelefon. Ikkje tilgjengeleg kveld/helg.

Organist

Rasim Ramazanov, 939 30 538
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar

Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta

Tlf. 481 65 529
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet

Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe:

Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjevevjerja

Utforming/sideoppsett:

AV Rossehaug
Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as



BLOMEFONDET

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- **Konto 2085 29 66107**
- **Vipps 533520**

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.


Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11:00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

I kyrkjeblad nr. 4 i 2017 stod historia om blomefondet vårt som feira 70 år same året. I mange år var det eit blomefond i kvart sokn, men då det eine fondet var omtrent tomt for midlar, vart dei samanslegne til eit fond frå 1. januar 2006. Slik er det framleis.

Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf 481 65 527 eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no



Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 1. august 2026



Gud, når du til oppbrudd kaller!

I kyrkjeblada framover vil vi freiste å utfordre lesarar til å fortelje litt om ein salme som betyr eller har betydd noko spesielt for ein.

Fyrst ut er underteikna, som i neste høve utfordrar Marit Rossehaug.

Eg er spesielt glad i salmen «Gud når du til oppbrudd kaller».

Det er ein salme som ofte er brukt i gravferder, vakker melodi og tekst, og er på eit vis ein salme som både oppsummerar og takkar for eit levd liv. I ei strofe lyder det slik: *Takk for alle livets gleder, tusenfryd ved veiens kant.*

Ny fast spalte!



Den strofa seier noko spesielt til meg, for tusenfryd ved veiens kant kan vere så mangt. Det kan vere sjølve den vakre blomen, men det kan òg vere spesielle menneske eg har møtt på livsvegen. Menneske som har kome til å bety noko heilt spesielt for meg, eller det kan vere eit varmt smil eller ein triveleg kommentar. Alt slikt er tusenfryd ved vegen for meg, og slike må vi bli flinkare til å gje bort.

Det er alltid lettare å kritisere enn å rose. Slik bør det ikkje vere. Eit smil, ein klem, nokre gode verbale tusenfryd, det kostar så lite og gjev så mykje.

Av Asta Brimi



**Gud, når du til oppbrudd kaller,
hele livets dag trer frem:
Barndom, ungdom, moden
alder,
arbeid, hvile, gjerning, hjem.
Alt jeg ser i dødens port:
Sorg og glede, smått og stort.**

**Takk for alle livets gleder,
tusenfryd ved veiens kant,
takk for sorgens stille steder,
takk for hver en venn jeg vant!
Takk for minner, takk for håp,
takk for smertens bitre dåp!**

**Gud, som meg til arbeid kalte,
og som nå meg hvile bød,
du som mine dager talte,
og som gav meg livets brød,
hjelp meg i den siste vakt!
Kle meg i din hvite drakt!**

(nr. 867 i Norsk salmebok)



DEN NORSKE KYRKJA

Lom kyrkjelege råd

ÅRSMELDING 2025

Folkekyrkja i Lom står for kvalitet, tryggleik og tradisjon



ORGANISERING

Lom kyrkjelege råd har ni medlemmar.

Leiar: Per Morten Mork
Nestleiar: Mina Rigmor Marstein

Mariann Helstad
Runa Smedsmo
Kari Langøygard
Kari Hesthagen
Ragnhild Aamot Kveen

Kommunerepresentant: Kristin Volden Mundhjeld

Sokneprest: Margit Husevåg

Administrasjonsutvalet har fem medlemmar:

Frå fellesrådet: Mariann Helstad
Kari Hesthagen

Frå arbeidstakarane:
Jonas Fjeld
Guri Husom

Lom kyrkjelege råd har i 2025 hatt 5 møte og behandla 27 saker.
Administrasjonsutvalet har hatt 2 møte og behandla budsjett og tilsetjingssak.
Det har vore eit årsmøte og 1 kyrkjelydsmøte.

TILSETTE

Lom kyrkjelege råd har arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeleg tilsette.
Rådet hadde 6 fast tilsette i 2025.

Faste stillingar:

Kyrkjeverje: Anne Kristin Stenersen 80%
Kyrkjelydssekretær: Guri Husom 50% /frå og med 1. april i 80% stilling
Organist: Rasim Ramazanov 75%
Kyrkjetenar: Jonas Fjeld 100%
Kyrkjetenar: Ole Kristian Gråv 50%
Kyrkjelydsarbeidar: Endre Skjåk 25%

OPPGÅVER OG ANSVAR FOR LOM KYRKJELEGE RÅD

Lom kyrkjelege råd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av sokna, utarbeide mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta interessa til sokna i høve til kommunen.

Det kyrkjelege fellesrådet er ansvarleg for:

- a) drift og vedlikehald av kyrkjer
- b) anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegardar
- c) oppretting og nedlegging av stillingar som blir løna over budsjettet til fellesrådet
- d) syte for drift av kyrkjelyds- og prestekontor
- e) å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

RÅDSARBEIDET I 2025

RESSURSBRUKEN

	Reknskapen 2025	Budsjett 2025
Driftsinntekter	8 561 965	7 809 043
Driftsutgifter	8 365 489	8 056 709
Finansinntekter	141 834	54 900
Netto driftsresultat	338 311	-192 766
Bruk av avsetningar	716 046	671 249
Sum avsetningar	528 088	478 483
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	526 269	0

FOND

Fond knytt til Lom kyrkjelege råd var pr 31.12.25:

Bundne driftsfond, heile kr	2025	2024
Blomefondet	742 612	881 705
Orgelfond Garmo	332 682	332 682
Kyrkjebladet	22 302	22 302
Hilda og T.T Garmos Legat	7783	7 137
J. Slettedes Minnefond	24 852	22 788
Diakoniutvalet	15 000	15 000
Vedlikehald av Bøverdalskyrkja (overføring frå Ragnhild og Torsteins minnefond)	7 316	127 316
Overvakingskamera Garmo og Bøverdøl	15 054	15 054
Gåver via kollektbøsse Lomskyrkja	47 529	0

Ubundne disposisjonsfond	2025	2024
Disposisjonsfondet	1 666 515	1 582 218

Kyrkjegardsfond	100 842	100 842
Vedlikehald kyrkjer	1 064 974	782 318
Kateketstilling	175 894	175 894
Vedlikehald kyrkjelydhus Lom	86 744	36 744
Vedlikehald Bøverdalskyrkja	40 000	0

VERKSEMDA I 2025 (2024 i parentes)

Messer og kyrkjelege handlingar

	Lom sokn	Garmo sokn	Bøverdalen sokn
Dåp	14 (18)	3 (2)	1 (1)
Konfirmasjon	18 (9)	5 (3)	4 (6)
Vigsel	13 (4)	0 (2)	1 (0)
Gravferd/urnenedsetting	16 (22)	7 (7)	4 (6)
Messe søn og heilagdag	15 (15)	15 (11)	12 (12)
Messe utanom søn/heilagdag	12 (14)	1 (1)	1 (1)
Kvardagsmesse på helseheimen	3 (6)	0 (0)	0 (0)
Konsertar/musikkarr.	3 (3)	2 (2)	0 (0)

KYRKJENE

Lomskyrkja:

- Etablering av nytt vatningsanlegg for kyrkjegarden i Gråv, i samarbeid med Lom kommune.
- Utbetring av lydanlegg

Garmo:

- Beising av kyrkjegardsgjerdet og maling av kyrkja
- Nytt lydanlegg
- Utsifting av alarmer

Bøverdalen:

- Utsifting av alarmer
- Nytt gjerde rundt kyrkjegarden

Dugnader

Det var godt frammøte på rake- og plantedugnadane ved alle kyrkjer.

Rådsmedlemmar var til stades for å hjelpe til og prate med folk. Omtrent 100 personar møtte til dugna, og mange tok seg tid til sosialt samvær med. Blomane som vart levert av Skjåk gartneri har stått seg fint gjennom sesongen på alle tre kyrkjegardar, sjølv om vi hadde svært mykje regn. Det har òg vore vaskedugnad i Lomskyrkja med godt oppmøte.

Kyrkjebladet

Det vart publisert 4 nummer av Kyrkjebladet. Underskotet i år er på 53 684-. Frivillige pengegaver, kontingentar for utanbygdsbuande og offergåver utgjer kr 53 731,-

Blomefondet

Det er stabile inntekter til blomefondet, noko som kjem godt med. Vi kan tilsetje sommarhjelp i full stilling frå mai til september, men tilgang på arbeidskraft kan variere for kvar sesong. Vi kan difor ikkje garantere fullt stell kvart år. Vi har betalt løn til sommarhjelp, kjøpt inn grasklypparar, reiskap og diverse utstyr til kyrkjegardane, blomar, pynt og ljøs til kyrkjene. Skjåk Gartneri leverte blomar til alle tre kyrkjegardar for kr 140 702,-.

Omvisartenesta

Vi hadde tilsett 12 omvisarar i sommarsesongen, frå mai til september. Netto overskot er kr 2 580 795,-. Det var ein liten auke i besøk av enkeltpersonar samanlikna med 2024, men stabilt tal på besøkjande frå gruppereiser. Inntektene gjev bidrag til både vedlikehald, drift og lønsutgifter for heile verksemda.

Konfirmantarbeidet

Konfirmantane har vore på tur til Trondheim, og delteke på Hekta-leiren i Håkons Hall. Konfirmantundervisninga var leia av sokneprest Margit Husevåg, diverse vikarprestar, trusopplærar Endre Skjåk, kyrkjevevja, Sina H Husom og Terje Blakarstugun. Det har vore samlingar annakvar veke på kyrkelydhuset i Lom. Vi har eit godt samarbeid med Skjåk og Vågå fellesråd, og har hatt felles arrangement i Presthaugen med grilling og aktivitetar.

Trusopplæringa

Det vart gjennomført småbarnssong, påskevandring i Lomskyrkja, pynting i kyrkjene til jul, Tårnagent-samling, baking med 5-åringar og såing med 4-åringar. Det har vore utdelt 4-årsbok og biblar til 9-åringane. Koret Barneklengen har fått ein ny start under leiing av Marit Rossehaug, som tel 17 medlemmar. Koret har spelt inn ein CD som kan kjøpast på kyrkjekontoret.

Diakoni

Diakoniutvalet har hatt jamnlege songstunder på Helseheimen.

Konsertar

Nyttårskonsert Garmo kyrkje, Det lyser i stille grender, 1. januar
Visit Jotunheimen-Lom kyrkje-Jubileumskonsert 2. juni
Jakupscena, Lom kyrkje- Himmeleite, 21. september
Jakupscena, Garmo kyrkje- Martin Steinum Brun, 21.oktober
Lomsklangen med vener-Lom kyrkje, 19.desember


KONKLUSJON

Vi er avhengige av friviljug innsats for å gjennomføre ulike tiltak, og vil med dette takke for alle som har stilt opp med baking til kyrkjekaffe, dugnadar inne og ute, arbeid med kyrkjebladet, og dei som stiller som kyrkjevertar, tekstlesarar og forsongarar. Vi vonar engasjementet vil halde fram.

April 2026
Lom Kyrkjelege Råd

Per Morten Mork
Leiar







Kirken till Beprydelse»

- Votivtaler i Lom kyrkje

I Lom kyrkje henger det 25 såkalte votivtavler. Ingen kirker i Norge har så mange, og Skjåk kyrkje ligger tett etter med 23 stykker.

Votivtavler er en sjanger maleri som ble gitt til bønn, minne og takksigelse for hendelser i giverens liv. Tavlenes motiver gir ofte en pekepinn mot hva slags type hendelser. Det kunne være i tilknytning til sykdom, barsel, havsnød og andre hendelser.

De fleste votivtavelene i Lom er fra de første tiår

av 1700-tallet. Felles for votivtalene er innskriften «Gud til ære kirken til beprydelse», giveren(e)s navn, kirkens navn og årstall for gaven. Teksten er som regel plassert under motivet. Fordi tavlene har disse opplysningene kan vi gå inn i kirkebøkene, som inneholder opplysninger om dåp, trolovelse, giftemål og begravelser. Noen ganger kan vi knytte navn og hendelser til maleriene; for eksempel at en tavle ble gitt samme år som en person blir begravet. Tavlenes motiv kan også gi en pekepinn mot hva slags type hendelser som har forekommet.



Over: Den blinde tigger. Gitt av Torger Olsen i 1718. Kanskje hadde han blitt helbredet fra sykdom?

Førre side: Slik hang noen av votivtalene rundt 1900, før restaureringen av kirken på 1930-tallet. Foto: Riksantikvaren.



Den gode hyrde, gitt i 1720 av «den gudfryktige pige Tore Syfuers Datter Quale».

Det var for eksempel ikke uvanlig å gi en gave i bønn eller takk ved ulvefare. En Peder Torkjeldson besøkte Thomaskirken på Filefjell i 1776 og ga, som det står i kirkestolen: «Et Linnet og mahlet Alter Klæde», i bønn om hjelp fra ulykke med sine «smaakreaturer». Et motiv vi finner i både Lom og Skjåk er «Den gode hyrde». Disse tavlene viser Jesus som hjelper en hyrde med å holde rovdynere unna fårene, hentet fra Johannes 10, 11-16. «Jeg er den gode hyrde; den gode hyrde setter sitt liv til for fårene».

Tavlene i Lom og Skjåk ble gitt i 1720 og 1722, kanskje ble disse gitt i bønn om, eller takk for at deres får og fe var blitt reddet fra ulv?

Å gi gaver til kirker var en naturlig del av menneskenes fromhetsliv på 1600- og 1700-tallet. Det var ofte embetsmenn og velstående borgere som ga kostbare gaver til kirkene, som altertaker, messehagler, oblatesker osv., men det ble også gitt gaver, i form av votivtavler, fra andre

mengihetslemmer, som vi finner så godt bevart i Lom kyrkje. Antagelig var disse gitt fra de større gårdene, som hadde råd til å skaffe et slikt maleri.

I dette prosjektet vil vi løfte frem de unike og store samlingene av votivtaler i kirkene i Lom og Skjåk; Hvem var giverne? Hvilke hendelser fikk dem til å gi disse maleriene? Er det en sammenheng mellom hendelse og motiver? Og hvem malte disse tavlene?

Prosjektet «Visuelle bønner – votivtavler i norske kirker» er et samarbeid mellom Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), ved kunsthistoriker Elisabeth Andersen, Det teologiske fakultet og Historisk museum, ved Ragnhild Bø, og kirkene i Lom og Skjåk. Prosjektet har fått støtte fra Kirkebevaringsfondet og vil pågå i 2026. Resultatene blir tekst og digitale utstillinger, foredrag og informasjonsmateriale til kirkene

Av Elisabeth Andersen og Ragnhild Bø

- Garnfisket på Dalsvatnet var godt!



Ivar Austrheim kom til Lom som sokneprest hausten 2005 og slutta i embetet i 2010.

- Eg fekk med meg fem julekveldar i Lom, seier Austrheim, som no er busett i Oppdal og nyter pensjonistlivet der.

-Etter at eg slutta som sokneprest i Lom, flytta vi til Vanylven, fortel Ivar.

Der budde og arbeidde dei fram til han vart pensjonist i 2018.

-Vi kom frå Oppdal då eg vart tilsett som sokneprest i Lom, kona mi, Inger Marit, er herifrå, fortel Austrheim.

-Difor gjekk ferda attende til Oppdal. Der tok vi over eit eldre hus som hadde vore i familien til Inger Marit sitt eige, fortel han, og legg til at det vart ein del oppussingsarbeid der.

-I tillegg dreiv eg ein del i skogen som høyrde til, saga tømmer og fekk laga materialer slik at vi fekk bygd på uthuset.

Slik sett har nok pensjonistlivet til sokneprest Austrheim vore svært så aktivt.

- Dei fem åra i Lom gjorde at vi knytte kontakt med mange frå bygda, og det stikk ofte innom lomværar som er på tur forbi Oppdal, fortel Austrheim.

-Er det noko spesielt du hugsar godt og som du minnest når du tenkjer attende på tida i Lom?

-Ja, det må nok vere fiskeprivilegiane ein hadde når ein var busett i prestegarden, humrar Austrheim, og fortel om godt garnfiske på Dalsvatnet.

- Der fekk vi tidvis så mykje fisk at vi måtte gjø borte i bøttevis, fortel han.

Elles minnest han arbeidet med gudstenestene, og møte med bygdefolket i sorg og glede.

Austrheim fortel at både han og kona er aktive i ymse organisasjonar i Oppdal, mellom anna i menighetsrådet der.

Og så syng dei både to i kor.

No er det også tid for eit anna arbeid som Ivar Austrheim set høgt; hagearbeid.

- Vi er både to friske og har det bra her i Oppdal, avsluttar soknepresten i Lom frå 2005 til 2010.

Tekst: Asta Brimi





KVAR MANDAG	KVAR TYSDAG	KVAR TORSDAG	SISTE FREDAG
11.00 Bundingen strikkegruppe. Kaffe, te og biteti!	11.00 Småbarnskafé - Ta med deg dei unge lovende på treff! Kaffe og biteti.. 11.00 Kaffebesøk - Lom helseheim.	11.00 Aktiv saman, Lom! Sirkeltrening med fysioterapeut, lunsj og kaffe. Oppmøte i Presthaugen!	11.00 Fredagstreff Lom friviljugsentral byr på: -Underhaldning - Åresalg -Kaffe, te og biteti

Ein friviljug jobbar betre enn ein som må!

Lom Friviljugsentral er ein møteplass og ein ressurs for frivillig innsats i Lom kommune. Vi arbeider for å styrke fellesskap, inkludering og livskvalitet gjennom frivillig engasjement.

Vi søker friviljuge som har tid og overskot og som vil være med på kaffebesøk på helseheimen!

Kontakt Weronika – 901 82 957

Håp i en urolig verden

Søndag 27.september i Sel kirke

Program:

15.00: Mingling med kaffe og biteti i Sel kyrkjestugu

16.00: Foredrag i Sel kirke ved biskop em. Per Arne Dahl:

Hvordan bevare håpet i en urolig verden?

Pause med matservering

18.00: Folkemusikkmesse v/ Synne Grothe og Mads Erik Odde,
Vidar Hoel og Birgitte Bentzrød

Arr: Sel kirkelege råd



Minikonsert med Barneklangen



I mars inviterte Barneklangen til minikonsert på kyrkjelydshuset i Lom.

Barnekoret har no 16 medlemmar, og kan ta i mot nokre fleire dersom nokon har lyst til å starte til hausten.

Dei har hatt konsert for Utdanningsforbundet som hadde møte i Lom, skal syngje på 17.maifeiring i Presthaugen, og den 14. juni skal dei vera med på songarmesse i Lomskyrkja i samband med Songarstemnet.

Øverst: Marit Rossehaug og Rasim Ramazanov jazzar opp stemninga i lag med songarane, og her ser vi at publikum let seg rive med når dei syng «Haren med gitaren» Til venstre: Det var såkalla fullt hus og stormande jubel, og mogleg publikumsrekord i kyrkjelydshuset.



Messer utanom det vanlege

Onsdag 29. juli Olsokmesse i Lomskyrkja kl. 18:00. Det vert gratis omvising ved ein av dei dyktige omvisarane våre, kl. 17:00

Sundag 2. august Utemesse på Garmo gamle kyrkjegard kl. 12.00. Fellesmesse Lom-Skjåk. Barnedåp. Ved dårleg ver, blir messa flytta inn. Ta med stol!

Sundag 16. august Utemesse på Jotunheimen Fjellstue kl. 12.00. Ved dårleg ver blir messa flytta inn. Ta med stol!

Laurdag 5. september. Midnattsmesse i samband med Diktardagar.

Fasteaksjon med konfirmantane frå Ottadalen



Foto: Kari Ørjasæter

Veka før påske deltok konfirmantane i Ottadalen i den landsomfattande innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Gjennom denne årlege fasteaksjonen vert det samla inn midlar til hjelpearbeidet denne organisasjonen utfører på fire kontinenter. Hovudfokuset er å skaffe reint vatn til hjelpetrengjande i Afrika. For 300,- kroner har ein skaffa eit menneske tilgang til reint vatn for resten av livet, så her utgjør konfirmantane sin innsats ein stor direkte forskjell i mange menneskes liv.

I forkant av aksjonen hadde vi også i år ei felles samling i Lom for konfirmantane i Skjåk, Vågå og Lom. Her fekk vi fyrst god informasjon frå

ein representant frå Kirkens Nødhjelp om deira arbeid. Deretter fekk vi mat og sosialt samvær i Presthaugen, før vi gjekk ned i stavkyrkja. Her hadde vi ei stutt omvising og gjekk gjennom dagane i påskeveka med utgangspunkt i dei mange gamle maleria i kyrkja. Til slutt heldt Kåre Gloslie ei fin påskekudsteneste.

Til saman kom det inn 17 071 kroner. Dette gjev reint vatn til 57 personar.


Tusen takk til alle konfirmantane for ein god og verdifull innsats og til føresette som var med og køyrde.



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**



Blå Kors

Orientering om vigsel i Lom kyrkjekommune

Dette er korleis vi organiserer vigsel i kyrkjene våre:

Datoar for vigsel vert lagt ut ca. april året før, på nettside, facebook og kyrkjeblad nr. 1.

Det er kun desse datoane som er tilgjengelege, da dette er helger med arbeid for kyrkja sine tilsette.

Ta kontakt med kyrkjekontoret for å høyre kva som er ledig.

Fram til 1. oktober vil datoane vera reserverte for brurepar med bustadadresse i

Lom eller tilknytning til Lom (Føresette med bustadadresse i Lom).

Har vi ledige tidspunkt etter dette, vil vi opne for brurepar utan adresse eller tilknytning.

Vi ynskjer å nytte tidspunkta 11:00, 13:00 og 15:00 for vigsel. Men tidspunkt kan verte endra sentralt grunna tilgang til prest. Om dette vert endra, skjer dette rundt nyttår.

Sjå meir informasjon på heimesida til kyrkja på www.kirken.no/lom

Datoar for vigsel i kyrkjene i Lom 2027

08. mai	11:00	13:00	15:00
22. mai Kun i Lom			15:00
29. mai Kun i Garmo			15:00
05. juni Kun i Bøverdalen			15:00
26. juni			15:00
10. juli	11:00	13:00	15:00
14. august	11:00	13:00	15:00
18. september	11:00	13:00	15:00
09. oktober	11:00	13:00	15:00

Gravferdshjelpe Lom og Skjåk

Gravferdshjelpe ynskjer å gje
**TILLIT - OMSORG -
TRYGGLEIK**

*Eg kan hjelpe dykk med
alt vedrørande gravferder
og kremasjon.*

Anne Sperstad
mob. 95 72 36 71



Ottadalen Mølle
Alltid der for deg



STOKK & STEIN

2686 Lom Tlf. 90860858 www.stokkstein.no

Heim og ætt

Dåp:

Lom:

15.03 Torkjell Rusten
15.03 Anton Haukdalen Kolden
15.03 Viljar Larsen Teigen
15.03 Julie Solbakken Steinehaugen
05.04 Alissa Baumbach Svenning
05.04 Selma Grjotheim
19.04 Åsa Gjeilo
24.05 Torgrim Aukrust Eggen
24.05 Iver Marstein Duun
24.05 Ella Marstein Høglien



Vigsel:

Lom:

16.05 Nicola Anne Lombardi og Neil Spencer Lucas



Døde:

Lom:

25.05 Aud Jorid Lyngstad f. 1947



Bøverdalen:

19.03 Birger Reidar Mundhjeld f. 1933
09.06 Stig Morten Moen f. 1968

Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i Lom kommune. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.

Skrifthuggaren kjem

Skrifthuggeren kjem som vanleg innom kyrkjegardane våre fyrst i september. Om du ynskjer å pusse opp gravminne, eller legge til eit namn på gravminne du har, ta kontakt med kyrkjetenarane bak Lomskyrkja.

Salmekveldar

Vi ynskjer velkomen til salmekveldar i kyrkjelydshuset i Lom.

Kveldane som er sett opp:

- 25.august
- • 22.september
- • 20.oktober
- • 17.november

Tidspunktet er 19:00.

Det vert kaffe og litt biteti.

Vel møtt til trivelege kveldar med salmesang!



Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Sundag 14. juni Songmesse
LOM KYRKJE kl. 12.00. Offer til Musikk i kyrkjene

Sundag 21. juni
LOM KYRKJE kl. 11.00

Sundag 05. juli Kveldsmesse
LOM KYRKJE kl. 19.00 Offer til Flykningehjelpa.

Sundag 19. juli
BØVERDAL KYRKJE kl. 11.00

Sundag 19. juli
GARMO KYRKJE kl. 14.00

Sundag 26. juli Kveldsmesse
LOM KYRKJE kl. 19.00 Offer til Skeivt kristent nettverk.

Onsdag 29. juli Olsokmesse
LOM KYRKJE kl. 18.00. Offer til Flykningehjelpa.

Sundag 02. august
GARMO GAMLE KYRKJETOMT kl. 12.00.
Fellesmesse med Skjåk. Ta med stol!

Sundag 16. august
JOTUNHEIMEN FJELLSTUE kl. 12.00

Laurdag 22. august
LOM KYRKJE kl. 12.00.
Konfirmantjubileum. Offer til Kyrkjebladet.

Laurdag 05. september Diktardagar
LOM KYRKJE Offer til Musikk i kyrkjene. Tidspunkt kjem i Fjuken og på facebook.

Sundag 06. september
GARMO KYRKJE kl. 11.00. Offer til Sandomstiftinga.

Sundag 13. september
LOM KYRKJE kl. 11.00. Koret VOX deltek

Sundag 20. september
GARMO KYRKJE kl. 14.00. Offer til Trusopplæringa.

Sundag 20. september
BØVERDAL KYRKJE 19:00
Konfirmantpresentasjon. Offer til Trusopplæringa.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen.

Sjå fast annonse i Fjuken og på facebookside vår: kyrkjene i Lom
Sjå og nettsida vår: <https://www.kirken.no/nn-NO/fellesrad/Lom/>



**Bruk kamera-appen på telefonen
din for å scanna QR-koder!**

